



Karstein B. Vågenes
Postboks 93
5812 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/902 - 14/2873

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:
21.03.2014

Byggesak Gbnr 28/15 Kvalheim nedre - Minireinseanlegg - Søknad om løyve - godkjenning

Delegasjonssak nr.: 60/2014

Delegert vedtak etter plan- og bygningslova § 20-1

Adresse : **Radøyvegen 2430**
Tiltakshavar : Karstein B. Vågenes as
Ansvarleg søker : Vågenes as
Søknadstype : Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av avløpsanlegg på gnr. 28, bnr. 15, Kvalheim Nedre. Søknaden omfattar ansvarsrettar for søker-, prosjekterande- og utførandefunksjonen i tiltaket. Det vert elles vist til søknad mottatt 19.03.2014.

Planstatus

Tiltaket ligg innafør området som i kommuneplan for Radøy kommune er definert som område for LNF-føremål. Radøy kommune vurderer at tiltaket ikkje krev dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen. Minireinseanlegget vert plassert på eigen grunn og vert utført utan synlege terrenginngrep.

Uttalekrav frå annan styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå annan styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med PBL. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering er vist i situasjonsplan 19.03.2014.

Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avløp i samsvar med plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.

Tiltaket er knytt til privat brønn og privat avløp. Det er søkt om og gjeve utsleppsløye i sak 22/2014, datert 14.02.14. Utsleppsløyve gjeld etablering av minireinseanlegg med utslepp via tett leidning til heilårsresipient.

Terrenghandsaming

Det er ikkje søkt om terrengdringar. Radøy kommune legg til grunn at tiltaket vert utført utan varige terrenginngrep.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Flom, skred og andre natur- og miljøforhold

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flom, skred eller andre natur- og miljøforhold som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommune har lagt denne vurderinga til grunn for vedtaket.

VURDERING/GRUNNGJEVING FOR VEDTAKET:**Naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert omsøkt tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Ein finn ikkje at omsøkt tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Tiltaket er godkjent i tiltaksklasse 1.

Føretaket **Vågenes as**, org.nr. 945831812, har søkt ansvarsrett som ansvarlig søker (SØK). Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområde. Føretaket har lagt frem organisasjonsplan og dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen sin vurdering synliggjør naudsynt kompetanse i høve tiltaket, og gjev grunnlag for lokalgodkjenning for SØK.

Føretaket **Vågenes as**, org.nr. 945831812, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde PRO, prosjektering minireinseanlegg.

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområde. Føretaket har lagt frem organisasjonsplan og dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen sin vurdering synliggjør naudsynt kompetanse i høve tiltaket, og gjev grunnlag for lokalgodkjenning for PRO.

Føretaket **Nils Bård Nødtvedt**, org.nr. 969 626 691 , har søkt ansvarsrett for ansvarsområde UTF, utføring av sanitær, varme og slukinstallasjon for etablering av minireinseanlegg.

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområde. Føretaket har lagt frem organisasjonsplan og dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen sin vurdering synliggjør naudsynt kompetanse i høve tiltaket, og gjev grunnlag for lokalgodkjenning for UTF.

Føretaket **Ove Toska**, org.nr. 969473879 , har søkt ansvarsrett for ansvarsområde UTF, utføring grunnarbeid og landskapsutforming.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområde.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var mangelfull når den var mottatt. Manglane vart meddelt ansvarleg søker ved brev av 21.03.14. Manglane var som følgjer:

- Det var ikkje søkt ansvarsrett for utføring av rørleggjararbeida i samband med etablering av minireinseanlegg på gnr. 28 bnr. 15.
- Føretaket Vågenes as har søkt KPR (kontroll av prosjektering) for etablering av minireinseanlegg. Systemet med eigenkontroll vart avvikla i samband med iverksetjing av ny plan- og bygningslov 01.07.2010.
- Føretaket Nils B. Nødtvedt har søkt om KUT, kontroll av utføring for etablering av minireinseanlegg. Systemet med eigenkontroll vart avvikla i samband med iverksetjing av ny plan- og bygningslov 01.07.2010.
- Det er manglar ved gjennomføringsplanen, det er ikkje samsvar mellom gjennomføringsplan og ansvarsrettsøknad for føretaket Nils B. Nødtvedt. I ansvarsrettsøknaden er det søkt om UTF/KUT. Gjennomføringsplanen viser UTF. Gjennomføringsplanen manglar versjonsnummer.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 27.03.14. og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 a vert det GODKJENT søknad om løyve til tiltak i eitt-trinn som omsøkt for etablering av reinseanlegg på følgjande vilkår:

1. Tiltaket kan plasserast i som vist i søknaden med heimel i plan- og bygningslova § 29-4.
2. Det vert føresett at byggverket vert oppført i tråd føresegne gjeve i eller i medhald av med plan- og bygningsloven, herunder kommuneplanen og reguleringsplanen sine føresegner. Dersom søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet.
3. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1.
4. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande liggje føre:
 - Faktisk plassering av tiltaket må vere innmålt, og koordinatar sendt kommunen.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) vert det GODKJENT ANSVARSRETTAR for:

FØRETAK	L/S *	FUNKSJON	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
Vågenes as, org.nr. 945831812	L	SØK	1	Ansvarleg søkjar
Vågenes as, org.nr. 945831812	L	PRO	1	Prosjektering montering av reinseanlegg
Nils Bård Nødtvedt, org.nr. 969 626 691	L	UTF	1	Utføring sanitær, varme og slukinstallasjon for etablering av minireinseanlegg.
Ove Toska, org.nr. 969473879	S	UTF	1	Utføring grunn- og terrengarbeida for montering av minireinseanlegg

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggjesakshandsaming av 2010 (SAK10) kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 15.12.11 vert det følgjande gebyr i saka:

KODE 11.2.8 Basisgebyr ansvarsrettar/delt sakshandsaming kr 2 600,00

KODE 11.2.7	Lokal godkjenning av føretak for ansvarsrett kr. 770,- x 3	kr	<u>1 540,00</u>
SUM		kr	4 140,00

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf. plan- og bygningslova § 21-4, sjette ledd.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket førar med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegne gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjer stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket si eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsredegjering skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan det utstedast mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå, og angi tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 14/902

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Karstein B. Vågenes

Postboks 93

5812

BERGEN